

Kvifor byggjast ikkje fleire bufellesskap?

13.10.2014



Utbyggjarar, politikarar og arrangørar på Husnes: Kristian Olav Bringedal, Kjell Yri, Kjartan Thoresen, Johannes Hjørnevåg og Trond Myklebust

Kvifor vert det ikkje bygd fleire bufellesskap/omsorgsbustader med dei fristande økonomiske tilskot og dei store areal som no står til disposisjon? Dei 60 som var på fellesmøtet om temaet i Kulturhuset på Husnes ikveld fekk ikkje noko klårt svar på spørsmålet.

Ein som spurte utan å få svar var Einar Olsvik som viste til planar om 34 slike bustadar i Rosendal, Sæbøvik og Husnes, noko som vil utløysa eit tilskot på 44 millionar kroner til kommunen.

- Kvifor skjer det ikkje noko, ville han veta, men salen var taus.

Eldrerådsleiar Kristian Hus fekk heller ikkje svar då han ved slutten av møtet synte til det aukande behovet for slike bustadar og dei mange som ventar på å få flytta inn i mindre og meir tilpassa hus.

- Kven kan melda om eit prosjekt som vert fullført i 2016 spurte han, men salen var like taus.

At det møtte så mange understreka imidlertid at temaet er svært aktuelt og at arrangørane Eldrerådet og kommunen skaut blink i så måte. Også frå Uskedalen møtte det ein sterk delegasjon der også driftige utbyggjarar var solid representert.

Ein av dei var Geir Rusten som nyleg har fullført Eikelandet og som uskedalen.no spurte om vidare planar - i Beinavikjo.

Svaret var dette: - Eikelandet gjekk raskt unna, men når det gjeld neste byggjesteget i Beinavikjo er eg førebels i tenkjeboksen.

Olav Lillebø frå Vestbo på Stord var inne på at Kvinnherad kommune

har slumra i timen medan kommunane lenger vest har lagt for dagen ein offensiv haldning på dette området. I alle fall la han fram overbevisande tal for byggjing av spesielt tilrettelagde hus.

Kommuneplanleggjar Kjartan Thoresen hadde negative tal om folketalutviklinga i Kvinnherad framover, men det stillar seg annleis med omsyn til egna byggjeland. Uskedalen var ei av bygdene han tok fram i denne samanhengen og han brukte 'ein god del areal' då han skulle beskriva situasjonen hos oss.

Han minte om at området på Sanden har vore peika på som aktuelt lenge, men meinte det no er nok å byggja på også ellers. Rundt ressursar og behov i Rosendal vart det teikna eit noko uklårt bilete.

Om tilskotsordningane vart det orientert fylldig og omfattande.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen



60 kom på møtet, det understreka behovet